



Halvard Høiland
Martebakken 4
1533 MOSS

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2122 - 19/25953

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
30.08.2019

Konsesjon for kjøp av gbnr 217/4 Romarheim

Administrativt vedtak. Saknr: 481/19

Vedtak

Lindås kommune gjev Eivind Høiland konsesjon for kjøp av gbnr 217/4 Romarheim. Vedtaket har heimel i § 1 og § 9 i konsesjonslova.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurdering.

Saksutgreiing

Saka gjeld :

Eivind Høiland søker konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen gbnr 217/4 Romarheim. Formålet er busetting, jakt, fiske og skogshogst. Kjøpesummen er kr 1.600.000. Seljar er Halvard Høiland, busett i Moss.


Landbrukseigedomen gbnr 217/4 Romarheim :

I Nibio sitt gardskart står eigedomen oppført med eit totalareal på 4334,5 dekar. Søkjar opplyser at teigen på vestsida av E39 i Romarheimsdalen er ein fellesteig med fjellbeite for gnr 217. Denne teigen er 2968,5 dekar stor og gbnr 217/4 eig ifølgje selgar 11,9 % i fellesarealet med tilhøyrande rettar.

Det er våninghus, reiskapsbu, naust og driftsbygning på eigedomen. Bygningane er av dårleg kvalitet.



Oversiktskart gbnr 217/4 Romarheim :



Loverket :

Saka skal handsamast etter konsesjonslova §1 og 9 då eigedomen er over 100 dekar og bebygd og er ein landbrukseigedom.

Saksvurdering :

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova § 1 og rundskriv M -3 /2017 Konsesjon, priskontroll og boplikt. Rundskriv M-3 /2017 pkt. 5.1 viser til; «Konsesjonsloven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforholds om er mest gagnlige for samfunnet».

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. Om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

Det er ikkje priskontroll på eigedomar med kjøpesum under kr 3.500.000 og med mindre enn totalt 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord. Det er såleis ikkje priskontroll på gbnr 217/4 Romarheim.

2. Om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i område

Søkjar ynskjer å busette seg på garden og byggje seg nytt våningshus. Det er særst positivt for Romarheimsbygda at busettinga ved styrka

3. Om overtakinga medfører ei driftsmessig god løysing

Det er berre 3,2 dekar som er dyrka jord i form av innmarksbeite. Resten er skog og anna utmark. Søkjar ynskjer å gjera seg nytte av utmarka til skogshogst og jakt og fiske. Skogen er i stor grad vanskeleg tilgjengeleg. Det er såleis lite stordriftsfordeler med samanføyning til større driftseiningar. Såleis er det ei god løysing at garden vert seld som eit sjølvstendig bruk.

4. Om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen

Garden er lite eigna for tradisjonelt jordbruksdrift isolert sett utifrå arealet. Difor krevs det ikkje spesielle kvalifikasjonar for å drive eigedomen.

5. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Søkjar opplyser at teigen skal nyttast til uttak av ved/hogst, jakt og fiske. Planlagt bruk av eigedomen vil ivareta ressursgrunnlaget på ein god måte.

Konklusjon :

Ved å gje søkjar konsesjon vil ein oppnå busetting på eigedomen og ei god ivaretaking av ressursgrunnlaget på eigedomen.

Landbrukssjefen vil etter ei samla vurdering rå til at det vert gjeve konsesjon som omsøkt, då søknaden er i samsvar med dei føremåla lova skal ivareta.

Gebyr :

Søkjar på tilsendt faktura pålydande kr 5000,- jfr Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2019, punkt 15.1.1.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eivin Høiland
Halvard Høiland

Modalsvegen 14 5994
Martebakken 4 1533

VIKANES
MOSS